

## **SAK 03/10 UTTALE, REGIONAL DELPLAN FOR REISELIVET I BUSKERUD**

### **SAKSOPPLYSNING**

Buskerud fylkeskommune har lagt ut på høyring, planutkast til regional delplan reiseliv for Buskerud, for perioden 2010-2016. Høyringsfristen er 19.2.2010.

Ein regional delplan for reiseliv skal vera ei styrking av fylkeskommunen si satsing på reiseliv, den skal gi meir formalisering, og løfte reiseliv som tema både i virkemiddelapparatet, hjå kommunane og i næringa.

For Buskerud som eit av landets største reiselivsfylke, og med Norges største reiselivsregion Hallingdal, er dette ein viktig delplan. Buskerud er det fyrste fylket i Norge som utarbeidar ein regional delplan for reiseliv. En regional delplan er forankra i Plan og bygningslova og vil vera mykje meir retningsgjevande enn tidlegare reiselivsplanar, som var utan slik forankring.

I planprogrammet blir det slått fast at hovudsatsingsområdet skal være bærekraft. I tillegg blir det sagt at bærekraft skal ligge i botnen for all reiselivsutvikling i Buskerud, i komande år.

Andre satsingsområde i utkast til regionale delplanen er:

- Områdeutvikling/reisemålsutvikling
- Strategisk samarbeid
- Marknadsutvikling
- Produktutvikling
- Samferdsel
- Kompetanse
- Rolledeling

Perspektivet i planen er utvikling mot år 2016. Hovudinnsatsen er retta mot reiseliv som næring. Dette betyr at planen skal legge til rette for forsvarleg utvikling i den kommersielle delen av reiselivet. Planen sitt utgangspunkt er at reiselivsnæringa er ei privat næring der aktørane har ansvar for eigen lønnsemd. Det offentlege sin rolle er å legge til rette for aktørane si utvikling, enten indirekte eller gjennom økonomiske verkemidlar.

Den regionale delplanen set fokus på område der det offentlege og dei private aktørane i fellesskap kan utløyse nytt potensial. Målet er ei samhandling som gir endå betre resultat både for bedrifter og lokalsamfunn. Planen skal også vera retningsgivande for prioriteringar og virkemiddelbruk.

Buskerud fylke består av aktørar, destinasjonar og regionar som reiselivsmessig er svært ulike. Det er eit mål at dei ulike regionane arbeidar med eigne utfordringar og mogelegheiter. Planen sine prioriteringar er på eit overordna, langsiktig, strategisk nivå. Planen retter seg mot den delen av reiselivet som kan påverkast gjennom produkt- og marknadsutvikling, dvs ferie- og fritidsturismen og deler av kurs- og konferansemarknaden.

Planen skal følgjast opp av årlege handlingsplanar. Handlingsplanane skal plassere ansvar for dei ulike tiltaka, detaljere dei og synleggjera finansiering.

### **VURDERING**

#### **Generelt**

Planutkastet til regional delplan reiseliv for Buskerud tek tak i nokre av dei viktigaste utfordringane. For Hallingdal bør dette vera eit spesielt viktig dokument. Det er og positivt og viktig at reiselivet sin betydning i dei ulike regionar er grundig vurdert.

I få eller ingen regionar i Norge har reiselivet så mykje å seie som i Hallingdal.

Den største utfordringa for reiselivsnæringa er å sørge at vidare vekst blir omsatt til auka verdiskaping og betra lønsemd. Reiselivsnæringa i Norge og Hallingdal er i sterk grad knytt til natur og kultur. Her vil utfordringa vera å utnytte desse fortrinna på ein bærekraftig måte i ein stadig aukande konkurranse med andre reisemål. Mykje av utfordringane er det næringa sjølv som må ta hand om men samstundes er det heilt avgjerande med eit sterkt og tydeleg engasjement frå det offentlege på alle nivå.

I forhold til planen kan det vera mykje å drøfte men det er valt i størst mogeleg grad å drøfte planen i forhold til dei mål som er foreslått. Likevel vil dagleg leiar innleiingsvis peike på at høyringsutkastet i svært liten grad har teke omsyn til dei store forskjellane i fylket, i forhold til der reiselivet er ei stor næring både i reelt volum og relativt. Hallingdal med snaue 8% av fylke sine innbyggjarar har omtrent halvparten av gjestedøgna i Buskerud, er største reiselivsregionen i landet og har ei reiselivsrelatert sysselsetting på om lag 30%. Dette gjer at Hallingdal har spesielle mogelegheiter, men samstundes utfordringar som ikkje kan samanliknast med andre regionar i fylke.

Slik planutkastet er utforma vil det kunne vera eit godt verktøy for småskalareiselivet, men dagleg leiar er tvilande til om dette vil vera til stor hjelp for den tunge reiselivsindustrien. Spørsmålet kan vera om ein regional delplan for reiselivet i Buskerud på ein god nok måte klarar å ta omsyn til dei heilt fundamentale forskjellane, både i forhold til den regionvise betydningen av reiselivet og småskalareiselivet i forhold til det meir industrielle reiselivet. Tekst i planen verkar til tider mykje meir ambisiøs enn det som kjem ut som forslag til tiltak.

I det etterfylgjande er dei ulike satsingsområda kommentert, der det er spesielle merknadar.

### **Bærekraft**

Det er sagt at hovudsatsingsområdet skal vera bærekraft. Ut frå dagleg leiar sitt syn er dei ei merkeleg tilnærming, som det kan bli svært vanskeleg å formidle som bodskap. Etter dagleg leiar sitt syn bør utviklinga av reiselivet vera tufta på ei bærekraftig utviklingsramme (som det også er sagt i planen), men hovudmålsettinga burde ha med seg noko om at reiselivet i Buskerud skal vera av dei fremste i landet både i forhold til kvalitet, auka verdiskaping og produktivitet. Det burde og vore ei drøfting om reiselivsnæringa skal ha eit distriktsaspekt, slik som regjeringa sin nasjonale reiselivsstrategi har.

I forhold til fleire strategiar kunne nok og planutkastet i sterkare grad nytta nasjonale intensjonar og målsettingar.

### **Områdeutvikling/reisemålsutvikling**

#### Mål

- *Buskerud skal ha velfungerende, bærekraftige reisemål som lykkes i en internasjonal konkurransesituasjon*
- *Fellesgodeproblemet har funnet en løsning innen 2016*

Første kulepunkt kunne vore ein del av hovudmålsetjinga.

Dagleg leiar meiner og at det ikkje kan vera nokon grunn til at fellesgodefinansiering ikkje skal ha funne si løysing før 2016.

### **Produkt- og konseptutvikling**

Målet om at Buskerud skal bli best på kundebehov bør kanskje omformast til ein meir forståeleg setning.

## Samferdsel

Gode kommunikasjonsløysingar til reisemåla er heilt avgjerande for store delar av reiselivet og må prioriterast. Reisetid og reisestandard er sentralt for at reiselivsnæringa skal vera konkurransedyktig. I rapporten "Reiselivsnæringens transportbehov i Region Sør" ser ein også tydeleg omfanget av næringa sitt transportbehov der Hallingdal er i ei særstilling. I rapporten blir det og peikt på at det er for svak samordning av samferdsel og reiseliv på alle nivå i forvaltninga.

Dagleg leiar er samd i dei mål som er sett:

- *Infrastrukturen i Buskerud skal sikre en konkurransekraft på lik linje med sammenliknbare regioner og destinasjoner.*
- *Samferdselstilbudet skal utvikles på en miljømessig god måte og kundeperspektivet skal ivaretas*

Ein rapport som ikkje blir omtala i høyringsutkastet er Forvaltningsplan Rv7/Rv52 (Statens vegvesen 2009). Med bakgrunn i dagens utfordringar på Rv7 og planlagt reiselivsutvikling såg Statens vegvesen behov for å utgreie kva konsekvensane denne utviklinga kunne få for Rv7/52, og saman med kommunane og regionale styresmakter utvikle ein langsiktig strategi for forvaltninga av Rv7/52. I arbeidet er det lagt vekt på at infrastrukturutvikling ikkje er noko mål i seg sjølv, men eit middel for å oppnå ei ønska samfunnsutvikling. Hovudmålet var å vurdere utviklinga av Rv7 og Rv52 for å oppnå ei bærekraftig samfunnsutvikling.

Statens vegvesen ser at det kan bli eit missforhold mellom reiselivsutviklinga i Hallingdal og nødvendig kvalitet på Rv7/52, noko som sjølvst er ei uønska utvikling.

Det naturlege virkemiddelet vil vera å investere i utvikling av vegnettet. Dersom det ikkje skjer vil ei avgrensa utvikling i Hallingdal kunne vera eit tiltak. Statens vegvesen ser på dette som eit alt for drastisk verkemiddel i forhold til næringsutvikling i Hallingdal, og det blir sagt: *"Som forvaltningsetat setter vi vår lit til at overordnet myndighet er sitt ansvar bevisst ved at infrastrukturutviklingen følger utviklingen ellers. Som eksempel på dette setter vi vår lit til at bevilgende myndigheter tar det ansvaret de har for utviklingen av stamvegnettet i tråd med trafikkutviklingen."*

Forvaltningsplan Rv7/Rv52 tydeleggjer problemstillingane, der det ikkje er noko tvil om at Rv7 må få ei standardheving for å takle planlagt reiselivsutvikling i Hallingdal. Dette er avgjerande tiltak som må inn i planlagde strategiar for samferdsel.

Det tyngste og mest sårbare reiselivet ligg også på aksen aust-vest gjennom Hallingdal.

## Kompetanse

I samband med strategiske tiltak for kompetanse er etablering av eit forsknings- og kompetansesenter for reiseliv i Buskerud eit av tiltaka. Her kan det vera grunn til å minne om Regionrådet for Hallingdal si uttale til reiselivsstrategi for Buskerud 2006 – 2008:

*Det skal arbeidast for eit nasjonalt forskingssenter for reiseliv Det vil gje auka kunnskap som er ei føresetnad for å utvikle det reiselivet som det blir lagt opp til i reiselivsstrategien og i Regjeringa sin handlingsplan. Det er eit mål at eit slikt forskingssenter blir lokalisert i Hallingdal. Utgangspunktet for dette er fyrst og fremst at eit slikt senter blir lokalisert i eit nasjonalt sterkt næringsmiljø innan reiseliv. I tillegg vil eit forskingssenter i Hallingdal vera i sentrum i forhold til tema som naturbasert reiseliv, reiseliv -landbruk - kultur og utfordringar i forhold til ei berekraftig utvikling. Ei slik lokalisering vil også bygge opp under ei erkjenning om kor viktig reiselivet er i store delar av distrikts-Norge. For Hallingdal vil eit*

*forskingssenter vera ei etablering som kan gje store ringverknader både for Hallingdal som region og som eit sterkt og positivt aktivum for reiselivsnæringa. Viktige aktørar for ei realisering vil forutan statlege styresmakter vera reiselivsnæringa, Høgskolen i Buskerud og Buskerud fylkeskommune.*

I tillegg må Noregs Friluftshøgskole inn som eit konkret tiltak. Det kan her vera god grunn til å merke seg ordlyd i regjeringa sin nasjonale reiselivsstrategi.

*”En sterkere satsing på opplevelsesnæringen vil kreve større vektlegging av utdanningstilbud som gir kunnskap og kompetanse til verter og turguidar som skal tilby kvalitetstilbud innen natur- og kulturopplevelser. Regjeringa er positiv til initiativ som kan føre til at det opprettes utdanningstilbud for guider og turledere innenfor arbeidsområdene naturaktiviteter, naturguiding og kulturguiding.”*

Eit siste konkret tiltak er Norsk Fjellmatsenter som er under etablering på Geilo.

I denne samanheng syner eg til Innstilling frå næringskomiteen i samband med statsbudsjettet for 2010, (Innst. 8 S (2009–2010)).

*Et annet flertall, alle unntatt medlemmene fra Fremskrittspartiet og Høyre, viser til mulighetene som ligger i koblingene mellom tilgang til store og unike naturområde, utnytting av lokale ressurser og tradisjoner og særpregede kulturlandskap, og ikke minst at kunnskapen som folk har og som er opparbeidet gjennom generasjoner og må utnyttes bedre. For å realisere dette potensialet er det nødvendig med koordinert og tverrsektoriell innsats. Dette flertallet vil derfor peke på viktigheten ved å støtte oppunder kompetansesenter med ansvar for å utvikle og spre den kunnskapen som kan nyttes innen reiseliv, mat, jakt og utmarksturisme. Her vil nasjonale kompetansesentre kunne spille en sentral rolle.*

Dette er formuleringar som er heilt i tråd med målsettingane for Norsk Fjellmatsenter.

Det er utan tvil fleire fellesnemnarar mellom eit nasjonalt forskingssenter for reiseliv, Noregs Friluftshøgskole og Norsk Fjellmatsenter. Det vil vera viktig avklare mogelege samarbeid/grenseflater for desse tiltaka.

## **FORSLAG TIL UTTALE**

1. Regionrådet for Hallingdal ser det som positivt at Buskerud fylkeskommune vedtek ein regional delplan reiseliv for Buskerud. Samsundes vil Regionrådet presisere at det er avgjerande med god forankring i næringsliv og kommunar, ikkje minst ut frå den bindinga planen vil ha i forhold til Plan og bygningslova.
2. Ei av dei største utfordringane for reiselivsnæringa er betra lønsemd og å sørgje for at vidare vekst blir omsatt til auka verdiskaping. Mykje av utfordringane er det næringa sjølv som må ta hand om, men samstundes er det heilt avgjerande med eit sterkt og tydeleg engasjement frå det offentlege på alle nivå. Her blir det forventat at regional delplan reiseliv for Buskerud vil kunne spela ein aktiv og positiv rolle.
3. Endeleg plan må i sterkare grad ta omsyn til dei store forskjellane i fylket, i forhold til der reiselivet er ei stor næring både i reelt volum og relativt.
4. Regionrådet for Hallingdal ber om at det blir gjort nærare vurderingar, om planutkastet er eit godt nok verktøy for den tunge reiselivsindustrien.
5. Regionrådet rår til at bærekraft ikkje er hovudsatsingsområdet, men at utviklinga av reislivet skal vera tufta på ei berekraftig utviklingsramme.
6. Regionrådet rår til at hovudmålsettinga blir omformulert til t.d: Reiselivet i Buskerud skal vera av dei fremste i landet både i forhold til kvalitet, auka verdiskaping og produktivitet,

og skal vera tufta på ei berekraftig utviklingsramme. Regionrådet meiner og det burde vore ei drøfting om reiselivsnæringa skal ha eit distriktsaspekt, slik som regjeringa sin nasjonale reiselivsstrategi har.

7. Det er ei målsetting at fellesgodefinansiering har funne si løysing før 2014.
8. Målet om at Buskerud skal bli best på kundebehov bør omformast til ein meir forståeleg setning.
9. I tillegg til dei strategiar som er teke med under samferdsel må Rv7 takast inn som konkret tiltak. Forvaltningsplan Rv7/Rv52 tydeleggjer problemstillingane, der det ikkje er nokon tvil om at Rv7 må få ei standardheving for å takle planlagt reiselivsutvikling i Hallingdal. Det tyngste og mest sårbare reiselivet ligg også på aksen aust-vest gjennom Hallingdal.
10. Både eit nasjonalt forskingssenter for reiseliv, Noregs Friluftshøgskole og Norsk Fjellmatsenter vil vera viktige tiltak for utviklinga av reiselivet både regionalt og nasjonalt. Desse tiltaka må ligge i planen som konkrete tiltak, samstundes som det er viktig å avklare moglege samarbeid/grenseflater.

Ål 28.1.2010

Knut Arne Gurigard  
Dagleg leiar

#### **Vedlegg**

- Følgjebrev, dat. 4.12.2009
- Regional delplan for reiseliv i Buskerud, kortversjon
- Regional delplan for reiseliv i Buskerud, fullversjon

Vedlegg ligg her: <http://bfk.no/reiseliv>